

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	30.06.2023
Vår referanse	2023/64413-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjøflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterende kraftledning Refsdal-Modalen

Bakgrunn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) mottok 19. mai 2023 detaljplan frå Statnett SF for spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen til 420 kV. Kraftleidninga går gjennom Vik, Vaksdal, Voss og Modalen kommunar, Vestland fylke. Det er detaljplanen for dette tiltaket som no er på høyring.

Løyve til spenningsoppgradering av 300 kV kraftleidninga Refsdal-Modalen til 420 kV er gitt i NVE sitt vedtak datert 7. november 2022. Konesjonen ligg til grunn for denne høyringa, og difor er ikkje sjølve konsesjonsspørsmålet gjenstand for ny høyring.

Skildring av tiltak

Kraftleidninga Refsdal - Modalen går mellom Refsdal transformatorstasjon i Vik kommune og Modalen transformatorstasjon i Modalen kommune. Leidninga er ca. 39 km lang og heng på 115 master. Leidninga går gjennom fire kommunar; Vik, Vaksdal, Voss og Modalen kommunar i Vestland fylke. Deler av leidninga går gjennom landskapsvernområdet Stølsheimen.

For å kunne drive leidninga på 420 kV krevst oppisolering, som inneber at isolatorkjedene som heng i kvar mast forlengast til 420 kV-standard. Leidninga har 97 bæremaster der isolatorkjede må forlengast for å auke isolasjonsnivået frå 300kV til 420kV. I et fåtal forankringsmaster må loopane bytast.

For å auke overføringskapasiteten ytterlegare skal kraftleidninga også temperaturoppgraderast til 100 °C. dette betyr at det må sikrast at avstanden mellom linene og underliggande terreng er tilstrekkeleg ved 100 grader.

Omsøkte tiltak må gjennomførast i barmarkssesong på grunn av klimatiske forhold og på grunn av at moglegheitene for utkopling av leidninga er vanskeleg i vinterhalvåret. Arbeidet er planlagt gjennomført sesongen i 2023 og 2024, men det er mogleg at også noko arbeid må utførast i 2025.

Kulturminne

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminne-mynde.

Kulturminne i Modalen og Vaksdal kommunar

I brev av 25.4.2022 varsla Vestland fylkeskommune ei arkeologisk registrering for planlagt arbeid på den delen av linjetraseen mellom Modalen og Refsdal som ligg i Modalen og Vaksdal kommune.

Registreringa vart utført 21.6.2022 og 5-6. september 2022. Det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor tiltaksområdet. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, i kommunane Modalen og Vaksdal, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Kulturminne i Vik kommune

I brev av 25.4.2022 varsla Vestland fylkeskommune ei arkeologisk registrering for planlagt arbeid på den delen av linjetraseen som ligg i Vik kommune. Denne registreringa er enno ikkje gjennomført som følgje av snømengd i fjella. Arbeidet er planlagt å verte gjennomført i august 2023.

Friluftsliv

Då mellombelse baseplassar tilbakeførast etter utført oppgradering, kan vi ikkje sjå at tiltaka påverkar friluftslivsinteresser utover noko aktivitet i anleggsperioden.

Fylkeskommunen ber om at NVE stiller vilkår om informasjonstiltak om arbeidet, t.d. ved viktige utfartsparkeringar o.l. til Stølsheimen.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonssjef

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
VIK KOMMUNE	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
MODALEN KOMMUNE	Postboks 44	5732	MODALEN